

Systrond sogelag

Årsmelding for 2015

Tillitsvalde

Styret har vore samansett slik etter årsmøtet 8. mars 2015:

Leiar

Kjell Arne Valvik.

Styremedlem

Knut Henning Grepstad (nestleiar)

Marit Anita Skrede (skrivar)

Sigrun Espe (nettansvarleg)

Kjerstin Risnes

Varamedlem

Marit Velle (fast møtande vara)

Bodil Andersen Strand

Jan Reidar Njøs

Revisor

Anna Hamre. Magnar Fredheim har mellombels teke over etter Anna sin bortgang.

Valnemnd

Kolbjørn Nord

Arne Rosenlund

Medlemar

Ved årsskiftet 2015/2016 har laget 73 medlemar. Det har vore ei fin auke frå 47 medlemar ved årsskiftet 2014/2015. Arbeidet med å verve medlemar må halde fram, slik at vi kan få til auka aktivitet i laget.

Medlemskap i andre organisasjonar

Laget er medlem av landslaget for lokalhistorie. Gjennom dette medlemskapet får laget tilsendt Lokalhistorisk magasin og Heimen.

Årsmøte

Det vart halde årsmøte 8. mars 2015 på Amtskontoret. Rekneskap og årsmelding vart samrøystes godkjende.

Andre møte

Styret har hatt møter etter behov. Leiaren og nestleiar har delteke i fleire møter med kommunen både når det gjeld Leikanger kommune sin kulturminneplan og planlegginga av Hårfagreparken. Sogelaget var med å arrangere folkemøte om kulturminneplanen. I tillegg har det vore møter knytt til

skiltprosjektet som sogelaget tek del i saman med Opplev Leikanger og kommunen. Systrond sogelag la fram planane om Hårfagrepark i Strandavegen i kommunestyret våren 2015.

Systrendingen

Marit Anita skrede har redaktøransvaret for Systrendingen. Bladet kjem ut med to nummer i året. Det er omlag 270 abonnentar på Systrendingen. I tillegg vert bladet selt på Leikanger Bokhandel. Styret vil rette ei stor takk til redaktør Marit Anita Skrede og redaksjonsnemnda for eit flott blad. Styret vil også rette ei stor takk til alle som har skrive i bladet. Siste nummeret av Systrendingen har motteke ei rad gode tilbakemeldingar.

Leikangerkalendaren

På grunn av stor arbeidsmengd, i samband med mellom anna Leikanger kommune sin kulturminneplan og planlegginga/prosjekteringa av Hårfagreparken, fann vi ikkje rom for å ta del i arbeidet med Leikangerkalendaren i 2015.

Aktivitetar og tiltak

Kulturminneplan for Leikanger kommune

Leikanger kommune har starta arbeidet med kulturminneplan. Sogelaget vart invitert til å delta i arbeidet. I styringsgruppa for planarbeidet deltek Kjell Arne Valvik, Knut Henning Grepstad og Marit Anita Skrede. Elles er styringsgruppa sett saman av politikarar og administrasjonen i Leikanger kommune. I tillegg har medlemar i sogelaget aktivt teke del i registreringsarbeidet knytt til planen. Det har vore fleire møte i styringsgruppa, og i tillegg folkemøte/arbeidsmøte. Planprogrammet for det vidare planarbeidet, som er utarbeidd av sogelaget i samarbeid med kommunen, er vedteke.

Hårfagreparken i samarbeid med styringsgruppa og kommunen

Kong Harald Hårfagre, om lag år 850 – 930, voks opp her i Husabø hjå morfaren Harald Gullskjegg som var konge over Sogn. Harald arva dette riket etter morfaren. Med utgangspunkt i Sogn starta Harald Hårfagre samlinga av Noreg til eitt rike. Etter slaget i Hafrsfjord i år 872, vart Harald Hårfagre einekonge. I meir enn 400 år rådde kongar av Hårfagre-ætta i Noreg.

Den minnesteinen i Hårfagreparken er reist på den gamle kongsgarden Husabø. Bautasteinen som ligg i parken vart funnen ved utgravingar av gravminne frå jernalderen i Husabø. I området der parken ligg har Husabøgardane hatt båtstøa og nausta i lang tid tilbake.

Initiativtakar til parken er Steinar Velle som i lengre tid har hatt stor interesse for mellomalderhistoria på Leikanger og i Sogn. Interessegruppa i starten var Steinar Velle, Erling Eggum og Jan Erik Lie, med utgangspunkt i at Erling Eggum ville stille tomta i Strandavegen til disposisjon for parkføremål. Stor takk til Erling Eggum som har gjeve tomta i gåve til parkføremålet vederlagsfritt.

Når det viste seg at det var tilgjengeleg tomt til føremålet på Husabø bad Steinar Velle om at Systrond sogelag tok over prosjektet og vidareførte dette fram til parken var ferdig.

Sogelaget har vore ansvarlege for prosjektplanen. Det vart sett ned ei prosjektgruppe sett saman av Kjell Arne Valvik og Knut Henning Grepstad frå sogelaget, Per Holen frå kommunen og landskapsarkitekt Hilde Ruud. I samarbeid med Sogelaget og kommunen har Hilde Ruud på dugnad utarbeidd planskisse for Hårfagreparken. Stor takk til Hilde Ruud som også har hatt ansvaret for utforming og oppfølging i byggeperioden.

Byggeleiinga og sjølve opparbeidinga av parken er utført på dugnad av Svein Helge Frækaland og Lars Håkon Seim. Utan deira innsats ville vi ikkje fått etablert Hårfagreparken no. Leikanger kommune har gjeve eit tilskot på Kr 50 000 til opparbeidinga av Hårfagreparken. Sogelaget har søkt og fått Kr 30 000 i støtte frå Sparebankstiftinga.

Minnesteinene er plukka ut hos Håvard Ølmheim. Teksten på minneplata er utforma av Steinar Velle, medan teksten til informasjonsskiltet er utforma av Steinar Velle, Knut Henning Grepstad, Kjell Arne Valvik og Per Holen. Tor Fotland har gjort jobben med det tekniske på skiltet.

Arbeidet med Hårfagreparken eit døme på at med stor dugnadsvilje og dugnadsinnsats er det mogeleg å realisere nye og spanande prosjekt til glede og nytte både for lokalmiljøet og for tilreisande. Sogelaget vil rette ei stor takk til alle som har medverka.

I samband med opninga av Hårfagreparken vart det halde føredrag på Leikanger Fjord Hotel. Der heldt Marit Anita Skrede ei kort innføring om Husabø i førhistorisk tid. Steinar Velle heldt føredrag om Harald Hårfagre og hans tilknytning til Husabø, Leikanger og Sogn. Det var mange frammøtte. Styret takkar for to flotte føredrag.

Før opninga av parken vart det arrangert bygdevandring frå Leikanger kyrkje og fram til Hanahaug, leia av Knut Henning Grepstad (med sogelaget sin nyinnkjøpte ropert). Det møtte kring 150 personar på vandrainga, som var ein stor suksess for sogelaget. På «Fruktbare dagar» hadde også Knut Henning Grepstad og Per Holen ei kulturhistorisk vandring i sentrum der det var vel 20 deltakarar. Sogelaget har også vore ansvarleg for ein av lunsjkafeane på biblioteket.

Logo og Røysanål

På årsmøtet i 2005 vart styret bede om å få utarbeidd logo for laget. Dette arbeidet har styret gjennomført i 2015 i samarbeid med Ørjan Engedal i Arkeoreplika. Engedal har også støypt replika av ei fuglenål i bronse som vart funnen på Røysa. Sogelaget sel denne nåla. Logo og Røysanåla blei presentert på «Fruktbare dagar» der vi også hadde stand.

Heimeside

I 2015 har laget fått laga eiga heimeside www.systrondsogelag.no. Det er og etablert ein facebookprofil for laget. Styret vil rette ei stor takk til Sigrun Espe for arbeidet med heimeside og facebookprofil.

Vidare arbeid

Kulturminneplan for Leikanger kommune

Arbeidet med kulturminneplanen i samarbeid med kommunen og innbyggjarane i kommunen held fram. Sogelaget deltek både i skriving av sjølve planen og registreringsarbeidet. Dette er det prosjektet som vil ha størst fokus og arbeidsmengd for laget i 2016 og 2017.

Hårfagreparken

Hårfagreparken vart ikkje heilt ferdig i 2015. Det var nesten eit urealistisk prosjekt å ha parken klar til opning på «Fruktbare dagar». Det var ikkje mogeleg å få levert skiltstativ, benkar og søppelbeholdar til avdukinga av minnesteinen og opninga av Hårfagreparken, men dette vil bli montert i løpet av våren. Benkar, skilt og søppelbeholdar er komne til Leikanger, og det er planlagt dugnad 8. og 9. april for å få parken klar til «Kjeringi Open». Vi treng nokre personar til frå sogelaget til denne dugnaden.

Når Hårfagreparken er heilt ferdigstilt vil den bli gitt som ei gåve til Leikanger kommune, som då tek over ansvaret for parken.

Skiltprosjektet i samarbeid med Opplev Leikanger og kommunen

Sogelaget tek del eit større formidling-/skiltprosjekt i kommunen. Dette er ei oppgradering og vidareføring av «Fruktstien» som vart etablert på 1990-talet. Dette arbeidet gjer vi i samarbeid med Opplev Leikanger og kommunen, med mellom anna midlar frå Sparebankstiftinga. Ny søknadsfrist om midlar 8. april. 14 av skilttekstane er utarbeidd så langt.

I tillegg tek vi del i eit formidlingsprosjekt knytt til Henjahaugane. I dette prosjektet har kommunen inne søknad om midlar frå Riksantikvaren.

Leikanger 29.03.2016

Kjell Arne Valvik (leiar)

Knut Hennig Grepstad (nestleiar)

Sigrun Espe (nettansvarleg)

Kjertin Risnes

Marit Velle

Marit Anita Skrede